

PROTOKOLL FRÅ ORDINÆRT FORSTANDARSKAPSMØTE

I

TYSNES SPAREBANK

Den 10. april 2025 kl. 18.00 vart det avhaldt ordinært forstandarskapsmøte i banken sine lokaler i Våge.

SAK 1: Opning av møtet ved forstandarskapets leiar og oppretting av liste over frammøtte representantar

Forstandarskapets nestleiar Elin Flatråker åpnet møtet, ønsket velkommen, og ga informasjon om dagens møte.

Det vart gjennomført navneopprop. 11 medlemmer av til saman 12 møtte. Elin Flatråker, Margrete Klemmetsby, Stein Olav Møllerup Skaten, Bjørn Lande, Beate Storesætre, Ingrid Tysnes Stue, Sigmund Hovland, Olav Teigland, Gunnar Hansen, Linda Lilleheie Trana og Kristine Frugård var til stade.

Desse hadde meldt forfall: Reidun Myklebust, Martin Sætre, Kristin Teigland Gjerstad Kleppe og Atle Andersland.

Elles møtte styreleiar Bente Raknes, samt konstituert banksjef Wenche Vik Thorson, økonomisjef Karoline Dalen og Britt Ersvær fra administrasjonen.

SAK 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling med sakliste og saksdokumenter var utsendt ved e-post 26. mars 2025, supplert med revisjonsberetning og sakkyndig redegjørelse sendt den 1. april 2025. Det framkom ingen innvendingar til innkalling og dagsorden.

Innkalling og dagsorden vart deretter einstemmig vedtatt. Møtet vart erklært lovlig satt.

SAK 3: Val av to personar til å undertegne protokollen saman med møteleiar

Til å undertegne protokollen saman med møteleiar vart einstemmig valgt Ingrid Tysnes Stue og Olav Teigland.

SAK 4: Omgjering av forstandarskapet sitt vedtak om fusjon

Øyvind Fallmyr frå Norne Securities redegjorde på vegne av administrasjonen for oppdateringar i fusjonsprosessen mellom Tysnes Sparebank og Haugesund Sparebank, herunder det reforhandla byteforholdet.

På grunn av endra forhold, har styret i møte den 4. mars 2025 inngått ny og justert avtale med Haugesund Sparebank om at bankane vert slått saman. Den tidlegare fusjonsplanen, som vart vedtatt av bankanes respektive generalforsamling og forstandarskap den 11. desember 2023, gjeld fortsatt for den pågående fusjonsprosessen, med dei endringar som framgår av ny og justert fusjonsplan datert 4. mars 2025.

Før forstandarskapet kan fatta vedtak om ny og justert fusjonsplan, er det nødvendig at vedtaket om fusjon frå forstandarskapsmøte 11. desember 2023 vert gjort om.

Forstandarskapet traff deretter følgjande einstemmige vedtak:

Forstandarskapets vedtak om samanslåing med Tysnes Sparebank, datert 11. desember 2023, vert gjort om og erstatta med nytt vedtak om fusjon.

SAK 5: Ny og justert fusjonsplan

Haugesund Sparebank skal vera den juridisk og rekneskapsrettslege overtakande banken, og vil dermed overta alle Tysnes Sparebank sine eiendeler, rettigheter og forpliktelsar ved gjennomføring av samanslåinga.

Vederlaget for overtaking av virksomhet i Tysnes Sparebank skal ytast i form av egenkapitalbevis i den samanslåtte banken, som vert utstedet til eksisterande egenkapitalbevisegarar i Tysnes Sparebank og til Sparebankstiftinga Tysnes. Sparebankstiftinga Tysnes vert etablert i samband med gjennomføring av samanslåinga.

Det vart gjort rede for dokumentene som var sendt ut saman med innkallinga til møtet, som blant anna inkluderte oppdatert fusjonsplan med vedlegg, styrerapport, sakkyndig redegjørelse for ny fusjonsplan, og utkast til stiftelsesdokument og vedtekter for Sparebankstiftinga Tysnes. Det vart vist til informasjonsmøtet med forstandarskapet vedkommande saka den 11. mars 2025 der dei eksterne rådgjevarane frå Selmer og Norne Securities var til stade og informerte om den oppdaterte fusjonsplanen og svarte på spørsmål. Det vart åpna for spørsmål og diskusjon.

Forstandarskapet traff deretter følgjande einstemmige vedtak:

Forstandarskapet godkjenner styret sitt forslag i plan for samanslåing (fusjonsplan) datert 4. mars 2025, som supplerer den tidligare fusjonsplanen datert 2. november 2023, om samanslåing av Haugesund Sparebank (org. nr 837 895 502) som overtakande bank og Tysnes Sparebank (org. nr. 937 897 375) som overdragande bank.

I samsvar med fusjonsplanen vert det godkjend teikning av egenkapitalbevis i Haugesund Sparebank tilsvarende det eksisterande egenkapitalbevisiere i Tysnes Sparebank skal motta som vederlag for egenkapitalbevisene i Tysnes Sparebank og som Sparebankstiftinga Tysnes skal motta som vederlag for grunnfondskapitalen i Tysnes Sparebank.

Utkast til stiftelsesdokument og vedtekter for Sparebankstiftinga Tysnes vert godkjend. Forstandarskapet gjev styret fullmakt til å ferdigstille utkasta med dei tilpasningar som følgjer av konsesjonsbehandling og dei vedtak som gjennomfører samanslåinga.

Vedtaka er betinga av at generalforsamlinga i Haugesund Sparebank godkjenner fusjonsplanen.

SAK 6: Godkjenning av årsregnskap og årsberetning for 2024

Forstandarskapet traff deretter følgjande einstemmige vedtak:

Forstandarskapet har handsama årsrekneskap og årsmelding for 2024. Styrets framlagte årsrekneskap for 2024, som viser eit negativt totalresultat på 41,89 millionar kroner, og årsmelding for 2024 vart godkjend"

"Forstandarskapet vedtok foreslåtte disponeringar av bankens årsunderskot for 2024 som følgjer (tall i tusen kroner):

Overført frå Sparebankens fond	kr.	-32.437
Overført frå gåvefond	kr.	-258
Overført frå utjamningsfond	kr.	-4.358
<u>Overført frå fond for urealiserte gevinstar</u>	<u>kr.</u>	<u>-4.837</u>
<u>Sum disponert</u>	<u>kr</u>	<u>-41.890</u>

"Forstandarskapet tok revisors uavhengige beretning til orientering"

*"Forstandarskapet vedtok revisors godtgjersle etter rekning for revisjon i 2024 totalt kr. 1,45 MNOK"
Styrets forslag til årsregnskap og årsberetning for regnskapsåret 2024 godkjennes.*

SAK 7: Val av medlemmer til styret i Sparebankstiftinga Tysnes

Forstandarskapet traff deretter følgjande einstemmige vedtak:

Børge Pedersen og Elisabeth Sandven vert valgt som styremedlemmer. Audun Magnussen vert valgt som styrets leiar.

Styremedlemmer, inkludert styreleiar, vert valgt for 2 år om gangen.

Styret består såleis av:

- *Audun Magnussen (styreleiar)*
- *Børge Pedersen*
- *Elisabeth Sandven*

SAK 8: Val av medlemmer til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Tysnes

Forstandarskapet traff deretter følgjande einstemmige vedtak:

Heidi Renate Røssland, Gunnar Hansen, Linn Larssæther Frøkedal og Martin Rabben Restad vert valgt som medlemmer til generalforsamlinga. Margrete Klemmetsby vert valgt som generalforsamlingas leiar og Sigmund Hovland vert valgt som generalforsamlingas nestleiar. Rannveig Ljostveit Helland, Øystein Vaage og Marit Bruntveit Vatne vert valgt som varamedlemmer til generalforsamlinga.

Generalforsamlingas medlemmer, inkludert varamedlemmer, vert valgt for 4 år om gangen. Anna kvart år veljast høvesvis 3 nye medlemmar av generalforsamlinga. Etter 2 år avgjerast det ved loddtrekning kva medlemmar som skal tre ut, og deretter dei som har gjort teneste lengst. Generalforsamlingas leiar og nestleiar vert valgt for 1 år om gangen.

Generalforsamlinga består såleis av:

- *Margrete Klemmetsby (leiar)*
- *Sigmund Hovland (nestleiar)*
- *Heidi Renate Røssland*
- *Gunnar Hansen*
- *Linn Larssæther Frøkedal*
- *Martin Rabben Restad*
- *Rannveig Ljostveit Helland (varamedlem)*
- *Øystein Vaage (varamedlem)*
- *Marit Bruntveit Vatne (varamedlem)"*

SAK 9: Val av medlemmer til valkomiteen i Sparebankstiftinga Tysnes

Forstandarskapet traff deretter følgjande einstemmige

vedtak:

Heidi Renate Røssland og Linn Larssæther Frøkedal vert valgt som medlemmer av valkomiteen. Martin Rabben Restad vert valgt som valkomiteens leiar.

Valkomiteens medlemmer, inkludert valkomiteens leiar, vert valgt for 2 år om gangen.

Valkomiteen består såleis av:

- Martin Rabben Restad (leiar)
- Heidi Renate Røssland
- Linn Larssæther Frøkedal»

SAK 10: Orientering om tilsette sine val i 2025

Forstandarskapen tok orienteringa til etterretning.

SAK 11: Godtgjersle til tillitsvalde i Sparebankstiftinga Tysnes

Valkomiteen si innstilling er sendt ut saman med innkallinga og valkomiteens leiar Ingrid Tysnes Stue orienterte om saka. Forstandarskapen traff deretter følgjande einstemmige vedtak:

Følgjande satsar vert godkjende:

Generalforsamlinga:

Leiar: Fast kr. 7.000 pr år, samt kr. 2.200 pr møte

Medlemmer: Kr. 2.200 pr møte

Vara: Kr. 2.200 pr møte

Styret:

Leiar: Fast kr. 50.000 pr år, samt kr. 2.200 pr møte

Medlem: Fast kr. 30.000 pr år, samt kr. 2.200 pr møte

Valkomite:

Medlem: Kr. 2.200 pr møte

Vara: Kr. 2.200 pr møte

Det vert ikkje utbetalt tapt arbeidsfortjeneste. Kjøyre godtgjersle/reiseutgifter til møte vert dekkja etter statens satsar. Godtgjersle til medlemmar av generalforsamling, styre og valkomiteen handsamast årleg av generalforsamlinga.


SAK 12: Val av revisor i Sparebankstiftinga Tysnes

Forstandarskapen traff deretter følgjande einstemmige vedtak:

RSM Norge AS ved statsautorisert revisor Inge Soteland vart vald som revisor.

Det forelå ingen fleire saker til handsaming, og møtet vart heva.


Elin Flatraker
Nestleiar Forstandarskapet


Ingrid Tysnes Stue


Olav Teigland